



Den kaldaste dagen i fjor var 27. desember og slik var den på Neset

Tallenes tale er klår: Eit varmare klima er på gang også på våre kantar. Observatør Kurt Haugland kan nemlig opplysa til uskedalen.no at snitt-temperaturen i fjor kom heilt opp i 10,31 grader der han måler - heilt nede ved fjorden i Korsnes Nord. Året før var noteringen meir enn 2 grader lågare - 8,18. Året før var den 7,97 - rett nok etter ein nedgang frå 9,13 i 2011. Haugland konstaterar at snitt-temperaturen for 2014 var mykje høgare enn normalen. Det vart sett nye varmerecordar over heile landet.

Her er tala for dei einskilde månadane:

Januar 3,69
Februar 5,71
Mars 5,63
April 8,63
Mai 12,3
Juni 15,5
Juli 19,5
August 15,6
September 13,27
Oktober 10,87
November 7,7
Desember 3,3

Nedbøren var derimot ikkje så ulik fjoråret, i millimeter:

Januar 113,4

Februar 300
Mars 350
April 152,9
Mai 53,2
Juni 28
Juli 128,4
August 194,8
September 130,4
Oktober 532,8
November 194,8
Desember 382,9

Totalt kom det 2562 millimeter mot 2688,7 året før.

Men korleis var det så med vinden? Statistikken inneheld også dei kraftigaste vindkasta og vi noterer at det var vindkast på 21 meter i sekundet den 25. januar og 15 februar. I mars bles det kraftigst 8. mars med 21,9 men så må ein heilt fram til 6. oktober for å finna noko tilsvarande - då var det kraftigaste vindkastet også 21,9.

Den nye varmerekorden i Uskedalen var foran den i Bergen, som noterte seg for 9,9 eller 0,6 varmare enn den førre rekorden frå 2006. Også Rosendal kom i mål på 10,3.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen